

Meningokk-vaksinering i Vestland

Status kostnadsdeling mellom vertskommunar og Vestland fylkeskommune

Fylkestinget i Vestland vedtok den 17.12.2019 at alle elevar i dei vidaregåande skulane i Vestland skal få tilbod om gratis vaksine i 2020. Vestland fylkeskommune dekkjer halve kostnaden, med føresetnad om at vertskommunen dekkjer halve.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sendte brev til vertskommunane for dei vidaregåande skulane i Vestland 17.01.2020 med førespurnad om delfinansiering av vaksine. Tabellen under viser tilbakemeldingane frå kommunane .

Vertskommune	Ja	Nei	Kommentar
Øygarden kommune	X		
Årdal kommune	X		
Kvam Kommune	X		
Askøy Kommune	X		
Alver Kommune	X		
Ullensvang Kommune	X		
Kinn Kommune	X		
Sunnfjord Kommune	X		
Kvinnherad Kommune	X		
Austevoll kommune	X		
Fjaler kommune	X		
Osterøy kommune	X		
Høyanger kommune	X		
Sogndal kommune	X		
Aurland kommune	X		
Bergen kommune	X		
Bømlo kommune	X		
Stord kommune	X		
Voss kommune	X		
Gloppen kommune		X	
Stadt kommune		X	
Austrheim kommune		X	
Bjørnafjorden kommune		X	Tilbod og gjennomføring av vaksinasjon til alle elevane vart gjennomført hausten 2019.
Fitjar kommune		X	
Stryn kommune			Ettersendt førespurnad, avventar svar

Status gjennomføring av vaksinasjon i 2020

Tidlegare i Hordaland og Sogn og Fjordane

For skuleåret 2018-19 tilbydde Hordaland fylkeskommune gratis vaksinering til alle elevane på alle trinn både i dei offentleg og dei private vidaregåande skulane. Svært mange tok imot tilbodet. Det betyr at elevar som går Vg2 og Vg3 inneverande skuleåret er vaksinerte. Tilbodet går difor til elevar på vg1 og elevar som av ulike grunnar ikkje har blitt vaksinert før. Vaksinen gir beskyttelse i 5 år.

I Sogn og Fjordane har elevane betalt for vaksine sjølve, og i hovudsak er det russen som har fått tilbodet, både svart- og raudruss.

For Vestland fylkeskommune 2020

Det er jamt over mange elevar som tek vaksine. Kommunar i Hordaland rapporterer om markant auke etter at vaksinen vart gratis.

I to av kommunane som har vedteke å betale halve kostnaden, vart skulehelsetenesta informert om at elevane får dekkja vaksinen først etter at ho er gjennomført. Det medførte at elevane har betalt for vaksinen sjølve.

Ved Sogn- jord og hagebruksskule har ingen elevar etterspurt vaksine. Her er det vaksne elevar som ikkje har tradisjon for vaksinering eller russefeiring.

Gjennomføring av vaksinerer før tiltak mot koronavirus vart sett i verk

Skulehelsetenesta i alle kommunane har kjøpt inn vaksiner og laga planar for gjennomføring av vaksinerer. Det er ulik status på gjennomføringa av vaksinerer før skulane stengde:

- Mange har gjennomført vaksinerer
- Nokre har byrja, men rakk ikkje å bli ferdige
- Nokre skular kom ikkje i gang

I Bergen kommune kom planlegginga kring vaksinerer i gang seinare enn vanleg, fordi spørsmål om delfinansiering måtte handsamast politisk først. Det vart vedteke at kommunen tok halve kostnaden. Vaksinerer vart bestilt og plan for gjennomføring var klar, men vart utsett pga. smitteverntiltaka.

Alle dei vidaregåande skulane som ikkje rakk å vaksinerer ferdig før koronatiltaka vart sett i verk, har planar for gjennomføring, anten i løpet av våren eller til hausten. Tabellen under syner stoda for vertskommunane:

Vertskommune	Ja	Nei	Anna	Kommentar
Øygarden kommune - Sotra vgs o Bildøy o Sund	X X			Dei fleste har fått vaksine, men ikkje gjennomført restvaksinerer. 100% auke på Bildøy etter gratisprinsippet.
Årdal kommune - Årdal vgs	X			Elevane betalt sjølve. Mange tek vaksine.
Kvam kommune - Kvam vgs o Øystese gymnas o Norheimsund vgs - Framnes vgs (priv)	X X X			Nesten alle tek imot tilbodet Nokre få som er i rest.
Askøy kommune - Askøy vgs - Hop vgs (priv)	X X			Nokre få som er i rest.
Alver kommune - Knarvik vgs		X		Planlagt vaksinerer i mars- utsett.
Ullensvang kommune - Odda vgs		X		Planlagt vaksinerer i mars- utsett.
Kinn kommune - Flora vgs - Måløy vgs	X X			Elevane har betalt sjølv.
Sunnfjord kommune - Mo og Øyrane vgs - Hafstad vgs	X X			
Kvinnherad kommune - Kvinnherad vgs	X			Vg1 ikkje fått enno, vaksinerer når det blir gitt lov.
Fjaler kommune - Dale vgs		X		Planlagt gjennomført 25.03.- utsett
Osterøy kommune - Osterøy vgs		X		Planar om vaksinerer i løpet av våren
Høyanger kommune - Høyanger vgs		X		Planlagt gjennomført 23. mars- sett på vent.
Sogndal kommune - Sogndal vgs	X			
Aurland kommune - Sogn jord- og hagebruk			X	Ikkje fått førespørspurnad frå elevar SJH
Bergen kommune		X		Planlagt vaksinerer i mars- utsett.
Bømlo kommune - Bømlo vgs - Rubbestadneset vgs	X	X		Planlagt vaksinerer i mars- utsett.
Stord kommune - Stord vgs o Saghaugen o Vabakkjen	X			Dei fleste har fått vaksine, men ikkje gjennomført restvaksinerer.
Voss kommune - Voss gymnas - Voss vgs	X X			Dei fleste har fått vaksine, men ikkje gjennomført restvaksinerer.
Bjørnafjorden kommune - Fusa vgs			X	<i>Kommunen er ikkje med i spleiselaget med Vestland fylkeskommune.</i>

- Os vgs - Os gymnas - Kongshaug musikkgyrnas (priv)				God dekning ca. 90 % av elevane vart vaksinerte i haust. Brukt vaksine som var til overs til ettervaksinering. Ikkje hatt behov for kjøp i 2020.
Austevoll kommune - Austevoll vgs	X			Stor auke av tal vaksinerte etter gratisvaksine.
Stryn kommune				Ettersendt førespurnad, ventar på svar.

Kostnadsdeling

Det vart sendt ut brev den 23.03. til kommunar som er med på delfinansiering, med informasjon om korleis dei kan sende refusjonskrav til Vestland fylkeskommune.